

AVINET & FNs BÆREKRAFTMÅL

Bærekraftig utvikling, definert:

Utvikling som imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov.

FNs bærekraftsmål er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikhet og stoppe klimaendringene innen 2030. Slik bidrar vi i Avinet til måloppnåelse:



Vi deltek i FoU innan smart, berekraftig landbruk for å trygge matforsyning både i form av kvantitet og kvalitet, samt for å oppretthalde sysselsetjing i rurale område.




Vi utviklar løysingar som byggjer bru mellom godstol, kontorstol og marka. Landets mest nytta turapplikasjon, **Norgeskart Friluftsliv**, er utvikla av oss – saman med Statskog og Friluftsrådernes Landsforbund står vi også bak GodTur.no og Telltur.no.



Saman med Kartverket utviklar vi tenesta **Kart i Skolen**, eit webatlas som vert nytta til undervisningsbruk i grunnskule og vidaregåande skule i Noreg.



Via tenesta **vannkvalitet.no** hjelper vi kommunale vassverk med å innfri krava i drikkevassforskrifta for å sikre innbyggjarar tilgong på reint, sunt drikkevatt.



Gjennom vårt internasjonale engasjement gjennom Plan4All arrangerer vi hackathons og ideathons både i Europa og Afrika, som stimulerar til entreprenørskap og nyskaping. Vi driv og fleire FoU-prosjekt med fokus på ruralt entreprenørskap.



Applikasjonen **Adaptive Veg** hjelper norske kommunar med å forvalte vegnettet sitt og å sikre best mogleg effekt frå disponering av offentlege midlar.



Geoportalløysinga **Adaptive** vert nytta av offentlege institusjonar med ansvar for planlegging, miljø og ressursforvaltning i Noreg, Europa og Afrika. Vi bidreg til å betre kommunikasjon og informasjonsdeling mellom myndigheiter, næringsliv og samfunnet for slik å oppnå gode og funksjonelle løysingar for transport, arealbruk og ressursdisponeringar.



Vi utviklar FoU-prosjekt som gjer det enklare og billigare for verksemdar og innbyggjarar å ta ansvar for konsumentmønster. Vi utviklar løysingar som stør oppunder korte verdikjedar og overgang frå lineære til sirkulære økonomiar – spesielt innan primærproduksjon.



Vi er med i FoU-prosjekt der vi utgreiar teknologi og løysingar for auka karbonbinding og «negative utslepp» frå primær- og sekunderproduksjon, for å redusere det menneskeskapte bidraget til klimaendringar.



Vår flaggskipløysing **Adaptive** utgjer kjerneteknologien i Kystverket og oljeindustrien sine løysingar for sjøsikkerhet og oljevernberedskap.



Gjennom alle dei åra vi i AVINET har vore til, har **samarbeid** vore ein fellesnevnar for dei alle dei utfordringane vi har arbeidd med. Ikkje berre samarbeid mellom oss og dei organisasjonane vi stør – men og samarbeid mellom offentlege organisasjonar, mellom det offentlege og næringslivet, mellom det offentlege og innbyggjarande, mellom teknologi og andre fagdisiplinar – alltid med det føremålet å finne løysingar som kjem flest mogleg til gode, har minst negative bivirkningar, lågast kostnad og størst innverknad.